

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
1
ROGALAND
19 70

Navnet på vatnet Hellandsvatnet
Kommune Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

H E T L A N D S V A T N E T.

Fiskeanalyesen vart foreteken den 25 aug. 1970.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærmere stadfest i Fister, og grensar i nord og vest til riksvegen. I sør har vi Bratt-Hetland og i aust Staurland.

Største lengde er ca. 3 250 m og største bredde ca 1000 m med eit areal på omlag 240 ha. H.o.h. er 44 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter det folk på staden kan fortelje er største djup ca. 60 m med store meir grunnlendte områder innimellom.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer stort sett over heile vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter og skogs-mark der både barskog og lauvskog veks. Ein del av dei mindre kravfulle plantene er å finna i nedslagsfeltet.

Botngras, brasmebras, nøkkeroser, tusenblad og ein kraftig sivvegetasjon sume stader, vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Bergartene er stort sett fylittskifer.

Hovudtilsigtet kjem frå Staurlandselva i aust og elles frå div. andre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i vest og går til sjøen ved Fister damp-skipskai.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8,0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul. Dette indikerer eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt 2 stader og ein kom til same resultat, nemleg pH = 6,8, som nærmast er ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 9,9 mg/l og den totale hardheita 16,8 mg/l. Dette må seiast å vera bra.

Leiingsemna $K_{18} = 57,0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga må karakteriserast som liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2,0, 5,0 og 10,0 m djup og ein

kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 72 muslingar, 48 fjærmygglarver, 2 vannkalvfelarver, 1 mudderfluelarve, 3 iglar, 3 sneglar, 1 vannkalvlarve, 3 vårfuelarver og 2 fåbørstemark - i alt 1350 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 11 muslingar, 2 mudderfluelarver, 1 vårfuelarve, 1 igle, 1 døgnfuelarve og 48 fjærmygglarver, til sammen 640 individ pr. m^2 .

På 10.0 m vart det funne 5 muslingar, 2 fjærmygglarver og 1 mygglarve. Dette tilsvarer 80 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at der er mykje botndyr i vatnet og langt over det ein vanleg vil finna.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar og her vart det funne stingsild, vannkalvlarver og voksen vannkalv, sneglar, teger, odonata og div. overflateinnsekter.

Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale plankontrekk, med planktonhov, og ein kom til følgjande resultat: Prøvene har diverse vorte øyelagt, men etter det vi hugsar var det rike prøver, fjæreplukk.


Ved granskning av ein del steinar i strandlina vart det funne mykje vårfuelarver og fleire iglar. Vidare vart nokre vannkalvar og vannmidd observert.

Fisk m.v.


Følgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvassaure, røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 14 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 77 aurar og 1 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut:



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå ut som nedanfor.



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 15 hanfisk og 11 hofisk - ei normal kjønnsfordeling.

Av prøvefiskane var 21 røde, 3 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet.


17 av fiskane var angripne av parasittar, etter alt å døma måkemark.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten på prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	5,4	11,6	17,4	23,3	27,2	30,5	34,9
Årleg lengdetilv% i cm	5,4	6,2	5,0	5,9	3,9	3,3	4,4
Antall fiskar	26	26	26	23	18	9	2

Medel kondisjonsfaktor 1,08 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Hætlandsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Hetlandsvatnet ein god lengdetilvekst og ligg like frå første år av over normalkurven.

Det oppsvinget som kurven gjer ved 6 års alder kan ein ikkje ta mykje omsyn til, då prøvematerialet her berre utgjer 2 fiskar.

Fisken går mot ei maksimallengd på ca 35 cm, sjølv om det nok vil finnast ein del fisk i vatnet som er større enn dette, er der ikkje særleg mange av desse fiskane.

I større, næringsrike vatn vil ein ofte finna nokre store fiskar, såkalla "jagarar" som har fått ein god start i livet og som mykje ernærer seg av yngel og småfisk. Ein del av desse vil der sikkert og finnast i Hetlandsvatnet.

Ein del av prøvefiskane våre likna mykje på sjøaure, noko som aldersavlesinga og vil kunne bekrefte, så der er grunn til å tru at ein del sjøaure går opp i Hetlandsvatnet.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Hetlandsvatnet karakteriserast som eit næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Botnprøvene våre var uvanleg rike og vasskvaliteten god,

Omfarfordelinga, saman med cm-klasse-inndelinga, fortel om eit difrensiert fiskebestand der mange årgangar og storleiker er å finna.

Vekstkurven og kondisjonsfaktoren er mykje god, så alt talar for at vi her har med eit av dei betre fiskevatna å gjera.

Grunnen til at tilhøva er så gode i dette vatnet er først og framst nedslagsfeltet. Då dette for ein stor del består av kultivert mark, vil tilsiga herfrå føre mykje verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet tilgode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Den årlege fiskinga som har vorte foreteken har hatt god verknad, slik at vatnet ikkje er blitt overbefolka.

Ca. 65 % av prøvefiskane våre var meir eller mindre angripne av makkemark, så dette er ting ein må prøve å rette på.

Gytetilhøva er gode i fleire av tilsiga, så rekrutteringa vil normalt vera sikra.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Eit mykje viktig tiltak her er å betre tilhøva for sjøauren, slik at denne lettare kan ta seg fram. Sjøauren er ettertrakta av såvel sportsfiskarar som andre, så alt må gjerast for at mest mogeleg av dette verdfulle fiskeslaget kan komøpp i vatnet. Utlaupet må såleis overgås frå sjøen av og utbetras der dette er naudsynleg.

Vi skal her hugse på, at sjøauren skatter næringsforrådet i vatnet lite, då denne for ein stor del av sitt liv ernærer seg ute i sjøen og ein større prosent vender ofte tilbake til si barndomselv for å gyte. Sjøauren vandrer lite i sjøen og den gyt som regel

fleire gonger.

Som nemnt var ein stor del av prøvefiskane våre angripne av måkemark, så grunneigarlaget må gjera sitt beste for å halde måken borte frå vatnet. Det er som regel den måken som har fast tilhald ved vatnet og som event. hekkar i nærleiken, som er den mest farlege. Måke som kjem på ein snarvisitt inn frå sjøen er meir ufarleg.

Ein annan ting som er viktig i denne samanhengen, er at ein alltid grep fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned, slik at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

Då der er røyr i vatnet, må ein lokalisera flest mogelege gyteplasser, og drive eit hardt garnfiske her i gytetida. Røyra har som kjent stor formeringsemne, eggtalet er omlag det dobbelte av aure, så denne har lett for å koma til å dominera vatnet om ein ikkje driv ei hard utfisking med not eller garn. Ein kan neppe drive eit for hardt fiske etter røyra.

Elles ser det stort sett ut til å vera eit bra tilhøve mellom næringsforråd og fiskebestand i Hetlandsvatnet.

Ålen er ein godt betalt matfisk, så grunneigarane må kunne gjere seg nytte av denne. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet og det er truleg ikkje få kilo som årleg går ut av Hetlandsvatnet. Monter ei ålemér på ein høvande stad i utlaupet og slik at denne ikkje hindrar sjøauren i å gå opp. Ålen, som er lyssky, forlet som regel vatnet ved nattetider.

Når utlaupet har vorte oppreinska og event. utbetra ville det vore freistande å foreslå at der vert sett ut lakseyngel som eit eksperiment. Om dette er av interesse, kan der kjøpast inn og setjast ut 10 000 yngel pr. år over ein 3-års periode. Yngelen bør setjast ut i tilstøytande bekkjer.

Som nemnt er Hetlandsvatnet eit av dei betre fiskevatna i fylket, så når grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort til sportsfiskarar. Det vil sikkert ikkje vera få som tek turen til Hetlandsvatnet for å prøve fiskelukka,

Det kunne og koma på tale å kjøpa inn ein båt eller to for utleige til spotsfiskarar og gjerne få anlagt ein liten telt-plass e.l. i nærleiken, for overnatting.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som er peika på ut i livet.

Stavanger 31/3 1971

Einar Berg